

Møteinkalling

Utval:	Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland
Møtestad:	420 - 4. etg., Sunnhordland
Dato:	04.11.2015
Tid:	09:15

Orienteringar

Presentasjon av det fylkeskommunale trafikksikringsarbeidet v/ Hordaland fylkeskommune
Presentasjon av dei konsultative medlemmene sitt trafikksikringsarbeid
Presentasjon Plan- og byggeprogram for Hordaland 2016 v/ Statens vegvesen
Orientering. Status trafikkulykker i Hordaland 2015
Orientering. Pilotprosjekt Trafikksikker kommune

Program

Kl. 09:15 – 11:45	Orienteringar og saksbehandling
-------------------	---------------------------------

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må mælda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Nils T. Bjørke
utvalsleiar

Sakliste

Utvalse-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 28/15	Godkjenning av møteinkalling og saksliste		
PS 29/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 30/15	Referatsaker		
RS 9/15	Trafikksikker kommune - nye kommunar inn i arbeidet	2014/555	
RS 10/15	Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland - program	2014/555	
PS 31/15	Ymse		

PS 28/15 Godkjenning av møteinkalling og saksliste

PS 29/15 Godkjenning av møtebok forrige møte



Notat

Dato: 20.10.2015
Arkivsak: 2014/555-41
Saksbehandlar: lisadla

Til: Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU)

Frå: Fylkesrådmannen

Trafiksikker kommune - nye kommunar inn i arbeidet

Arbeidet «Trafiksikker kommune» er eit av dei viktigaste tiltaka i denne planperioden, jf Handlingsplan for trafiksikring i Hordaland 2014-2017.

"For å styrke føresetnadene for eit godt og heilskapleg trafiksikringsarbeid i kommunane, har Trygg Trafikk utarbeida eit sett kriteria som kommunar må oppfylle for at dei skal kunne kalle seg «trafiksikker kommune». Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert sertifisert som «trafiksikker kommune».

Det vert sett som eit mål for Handlingsplan for trafiksikring 2014-2017 at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafiksikker kommune» i løpet av planperioden.»

I planperioden 2014-2017 er det sett av 1 mill kr. til «Trafiksikker kommune». I 2015 var budsjettposten på 300.000 kr. Hausten 2014 sette Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) i gang eit pilotprosjekt for implementering av trafiksikker kommune prosjektet i Hordaland. Kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal deltek i dette pilotprosjektet. Ut frå det arbeidet som er gjort siste året vil truleg desse tre kommunane verte godkjente innan sommaren 2016. Når alle dei tre kommunane er godkjente, vil sjølv pilotprosjektet avsluttast, og arbeidet gå over i ein meir ordinær fase. Det er no tid for å invitere inn fleire kommunar til å setje i gang arbeidet med å verte godkjent som trafiksikker kommune, jf inngå intensjonsavtale.

Ei av erfaringane fra pilotprosjektet er at arbeidet med å følgje opp kommunane krev ressursar både frå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune. Ut frå dette er det difor tilrådeleg å avgrense talet på kommunar som kan vere ein del av Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune si særlege oppfølging med målsetnad om godkjennning innan det kommande året. Avhengig av storleiken og noverande status på trafiksikringsarbeidet hjå kommunane vil det vere mest føremålstenleg å leggje opp til 3-4 nye kommunar no i første ordinære fase.

Vi er kjend med at nokre kommunar har «Trafiksikker kommune» som eit av sine satsingsområde i den kommunale trafiksikringsplanen, og med det ønskjer å starte opp arbeidet med bistand frå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen rår til at valet av nye kommunar til «Trafiksikker kommune» arbeidet vert gjort gjennom ein enkel søknad til FTU, med søknadsfrist sett til 1. januar 2016. FTU vil då kunne handsame søknadane på sitt første møte i 2016. Arbeidet inn mot desse kommunane vil med det kunne ta til så snart vedtak er fatta.

Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland



Program

Kursstad: Grand Hotel Terminus, Bergen. Konferanserom Paviljongen

Tid: Tysdag 17. november 2015, kl 09:00-15:00



- | | |
|--------------|---|
| 09:00 | Velkommen <ul style="list-style-type: none">• Velkommen til trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland v/ leiar i FTU• Presentasjon av Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) 2015-2019 v/leiar i FTU• Ny distriktsleiar i Trygg Trafikk vert presentert |
| 09:15 | På god veg! Trafikksikringsarbeid i kommunane <ul style="list-style-type: none">• Status og utvikling av Trafiksikker kommune i Hordaland v/ Trygg Trafikk, Knut Olav R. Nestås• På god veg fram mot trafiksikker kommune i Vaksdal<ul style="list-style-type: none">• Vaksdal kommune – Å arbeide seg fram til å verte trafiksikker kommune• Vaksdal kommune – Medverknad av born og unge. Kunst- og filmprosjekt |
| 10:15 | Pause
«Årdal tenk tryggleik». Tryggleikstenking v/ lensmann i Årdal, Magne Knutsen |
| 11:15 | Er det lang veg til mål? Om trafikkulykkestatistikken i Hordaland <ul style="list-style-type: none">• Ulukkesbarometer for Hordaland 2014 v/ Statens vegvesen, Trond Hollekim• Er vi på rett veg? Måltal for Hordaland v/ Hordaland fylkeskommune |
| 11:45 | Lunsj |
| 12:45 | Fysiske vegtiltak. Ulykkeseffekt av forsterka midtoppmerking <ul style="list-style-type: none">• Ulykkeseffekten av forsterka midtoppmerking v/ Vegdirektoratet, Arild Ragnøy• Forsterka midtoppmerking på våre vegar. Kva arbeid vert gjort i Hordaland? v/ Statens vegvesen, Thorbjørn Thiem |
| 13:45 | Pause |
| 14:00 | Full fart på vegane våre! Erfaringar frå UP sin kvardag
«Dette ser og opplever politiet i trafikken» v/ Utrykningspolitiet, Runar Karlsen |
| 14:45 | Oppsummering og vel heim! |

PS 31/15 Ymse